

PROTOKOLL

- møte i Verdsarvrådet (VAR) for Vestnorsk fjordlandskap

Stad:	Lærdalsøren Hotel, Lærdal	Dato:	7. – 8. juni 2018
Tlf:	70 26 38 10 / 95 42 73 90	Møtestart:	Kl. 13:00 / 7. juni

Funksjon:	Namn:	Repr:	Møtt:
Leiar:	Arne Sandnes	Ordførar Norddal kommune	Ja
Nestleiar:	Hans Erik Ringkjøb	Ordførar Voss kommune	Ja
Medlem:	Noralv Distad	Ordførar Aurland kommune	Ja
Medlem:	Olav Turvoll/ Roy Egil Stadheim	Ordførar Vik kommune	Nei
Medlem:	Jan Geir Solheim	Ordførar Lærdal kommune	Ja
Medlem:	Jan Ove Tryggestad	Ordførar Stranda kommune	Ja
Medlem:	Gunn Berit Gjerde	Møre og Romsdal fylkeskommune	Nei
Medlem:	Åshild J. Kjelsnes / Aleksander Øren Heen	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Nei
Medlem:	Anne Beth Njærheim/ Jarle Brattespe	Hordaland fylkeskommune	Nei
Medlem:	Frank Madsøy	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Ja
Medlem:	Tom Dybwad	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Ja
Medlem:	Kjell Kvingedal	Fylkesmannen i Hordaland	Ja
Observatør:	Olav Nord-Varhaug / Gaute Sønstebø	Miljødirektoratet	Nei
Observatør:	Trond Taugbøl	Riksantikvaren	Nei
Observatør:		Klima- og Miljødepartementet	Nei
Bisitjarar:	Magnhild Aspevik	Lærdal kommune	Ja
	Ingunn B. Skjerdal	Aurland kommune	Ja
	Odd Rune Turvoll	Vik kommune	Ja
	Gunnar Bergo	Voss kommune	Ja
	Inge Bjørddal	Stranda kommune	Ja
		Norddal kommune	Nei
	Ole Vegard Skauge	Hordaland fylkeskommune	Nei
	Arlen Synnøve Bidne	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Ja
	Marianne Bugge	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Ja, dag 2
	Ola Betten	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Nei
	Trude Knagenheim	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Ja, dag 2
Andre:	Kristoffer Ullern-Hansen	SNO Aurland	Ja
	Kjell Hansen	SNO Geiranger	Ja
	Anbjørg Nornes	Verneområdeforvaltar Nærøyfjorden	Ja
	Ingvild Hansen Nystad	Verneområdeforvaltar Geiranger – Herdalen	Nei
Sekretariat G	Katrin Blomvik	Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv (SGV)	Ja
Sekretariat N	Erling Oppheim	Nærøyfjorden Verdsarvpark (NVP)	Ja

Gjest:	Per Sævik	Havila	Ja, dag 2
Gjest:	Arild Molstad		Ja
Gjest:	Jan Kjetil Paulsen	Bellona	Ja
Gjest:	Rolf Sandvik	The Fjords	Ja, dag 2
Gjest:	Tor Øyvin Aa	Brødrene Aa	Ja, dag 2
Gjest:	Bjørn Pedersen	Sjøfartsdirektoratet	Ja, dag 1
Gjest:	Hanne Lykkja	Nærøyfjorden Verdsarvpark	Ja
Gjest:	Ståle Brandshaug	Visit Sognefjorden	Ja, dag 2

PROTOKOLL		
SAK NR.	PROGRAM / SAK	Konklusjonar og semjer
VF 01/18	Innkalling, saksliste og møtereferat	Ingen merknad til innkalling, saksliste og møtereferat. Mindre endringar i sakslista vart vurdert fortløpande og ikkje alle sakene vart handsama, grunna mangel på tid.
VF 02/18	VERDSARVRÅDET (VAR) si rolle og funksjon	Saka vart utsett til drøfting under neste møte i Verdsarvrådet.
VF03/18	TURISMEN STÅR VED EIT VEGSKILJE: KAN VERDSARVEN VISE VEG?	Presentasjon v/Arild Molstad, skribent og tidlegare rådgjevar for UNESCO og National Geographic, no initiativtakar/medforfattar av dokumentet: «Veikart for reiselivsnæringen i Norge – Mot et berekraftig reiseliv» Til vitande: Presentasjon/notat følgjer som vedlegg til protokoll.
VF 04/18	UTSLEPPSFRIE VERDSARVFJORDAR: DEL 1 (dag 1) Nytt regelverk for sjøfarten i verdsarvfjordane	Introduksjon ved leiar i VAR, Arne Sandnes: - Møte med statssekretær Atle Hamar i Klima- og miljødepartementet (KLD). 16.04.2018 - Stortingsvedtaket om utsleppsfrie verdsarvfjordar innan 2026 Presentasjon v/Bjørn Pedersen, Sjøfartsdirektoratet følgjer vedlagt protokollen.
VF04/18	UTSLEPPSFRIE VERDSARVFJORDAR: DEL 2 (dag 2) Nullutsleppsteknologien er her. Store reiselivsaktørar og maritim næring ønskjer Stortingsvedtaket velkommen	- Presentasjon v/Per Sævik, Havila følgjer vedlagt protokollen. - Presentasjon v/Rolf Sandvik, The Fjords og Brødrene Aa v/Tor Øyvind Aa, følgjer vedlagt protokollen. - Presentasjon v/Jan Kjetil Paulsen, Bellona, følgjer vedlagt protokollen. Samrøystes semje: 1. Leiarskap og sekretariat utformar ein uttale på vegne av Verdsarvrådet til nytt regelverk for skipsfarten i verdsarvfjordane. Uttalen vert sendt ut på ei høyring via epost til rådsmedlemmane i god tid før innsending til Sjøfartsdirektoratet. Høyringsfrist 14.09.2018. 2. Leiarskap kallar og inn til eit felles møte med alle 3 fylkeskommunane for å drøfte deira oppfølging av Stortingsvedtaket, knytt til ruteløyver på verdsarvfjordane. 3. Leiarskap og sekretariat tek initiativ til eit dialogmøte med cruiserederia, ev. i samarbeid med UNESCO og

		<p>Glacier Bay for å presentere nyheter frå Norge og verdsarvfjordane. I møtet vil vi invitere med oss Sjøfartsdirektoratet og representantar frå norsk, maritim industri/næring.</p> <p>4. Verdsarvrådet bør følgje opp det nasjonale ansvaret for å få på plass ein infrastruktur som kan realisere låg- og nullutsleppsferdsel frå skipsfarten langs kysten og inn verdsarvfjordane (ladeinfrastruktur, hydrogen, ev. LNG på kortare sikt). Viktig at det vert arbeidd med ein nasjonal strategi og satsing på infrastruktur. I tillegg må verkemiddelapparatet følgjast opp.</p>
VF05/18	<p>NYE VERKTY FOR STYRING AV TURISMEN OG FINANSIERING AV FELLESGODER?</p> <p>Introduksjon: Utviklinga av turismen i Vestnorsk fjordlandskap</p> <p>Treng vi nye verkty, som eksempelvis innføring av miljøavgift (turistskatt) til finansiering av fellesgoder og styring av turiststraumen (prising av sesong)?</p>	<p>Innleiing v/leiar.</p> <p>Presentasjon v/Ståle Brandshaug, adm.dir. Visit Sognefjord følgjer vedlagt protokollen.</p> <p>Samrøystes semje: Verdsarvrådet søker styresmaktene/KLD om at Vestnorsk fjordlandskap må verte ein nasjonal pilot på uttesting av fellesgodefinansiering som verkty både for veksthandtering og finansiering av naudsynte og berekraftige utviklingstiltak og infrastruktur i verdsarvområdet.</p>
VF 06/18	<p>BESØKSFORVALTNING</p> <p>Prinsipp for besøksforvaltning for Vestnorsk fjordlandskap</p> <p>- Resultat frå høyringsrunden</p>	<p>Presentasjon av skissa og uttalar mottatt. v/Hanne Lykkja, prosjektleiar.</p> <p>Samrøystes semje: Verdsarvrådet tilrår at kommunane tek med seg verktyet «Prinsipp for besøksforvaltning for Vestnorsk fjordlandskap» inn i sitt arbeid med kommunale utviklingsplanar. Rådet oppmoder samstundes om at verktyet får ei samordning med besøksstrategiane som vert utvikla av verneområdeforvaltninga.</p>
VF 07/18	<p>NY MERKEVARE</p> <p>Ny nasjonal merkevare for Vestnorsk fjordlandskap og revidering av skiltmalen</p>	<p>Presentasjon av arbeidet sålangt v/sekretariat.</p> <p>Samrøystes semje: Arbeidsgruppa for Vestnorsk fjordlandskap får i oppdrag å fullføre/lande arbeidet med merkevaren og skiltmalen. Verdsarvstiftingane og landskapsvernforvaltninga vil stå for implementeringa av arbeidet i samarbeid med lokale partnarar og kommunane der dette er relevant. Viktig å få ei avklaring med Miljødirektoratet kor langt ut (geografisk) ein kan strekkje</p>

		<p>bruken av merkevaren og skiltmalen.</p> <p>Arbeidsgruppa er supplert med 2 nye representantar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Verneområdeforvaltar Geiranger – Herdalen LVO - Verneområdeforvaltar Nærøyfjorden LVO
VF08/18	<p>KULTURLANDSKAPET I VESTNORSK FJORDLANDSKAP</p> <p>Prosjekt Kulturlandbruk</p>	<p>Saka vart utsett i påvente av eit svar på vår søknad til KLD.</p> <p>Vedlagt eit notat med innspel frå Gunnar Bergo: Korleis utvikle eit miljøvennleg landbruk i verdsarvområda.</p>
VF09/18	<p>FORMALISERING SAMARBEID</p> <p>Samarbeidsavtale med Glacier Bay, Alaska</p>	<p>Orientering sidan sist ved sekretariat.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Avtaleutkast til gjennomgang - Vegen vidare - Signeringsmøte, i Paris hjå UNESCO? <p>Samrøystes semje: Leiarskap og sekretariat får mandat til å lande avtaleutkastet til ein samarbeidsavtale med Glacier Bay og avtale signeringsmøte mellom partane.</p>
VF10/18	<p>VERDSARVSENTER NÆRØYFJORDEN</p>	<p>Sak til innleiande drøfting.</p> <p>Samrøystes semje: Verdsarvrådet oppmodar verdsarvkommunane i Nærøyfjordområdet om å samle seg om eit felles initiativ for utvikling av eit Verdsarvsenter for Nærøyfjorden. Voss kommune vil invitere til eit felles formannskapsmøte om saka kommande haust.</p>
VF11/18	<p>NYTT MEDLEM I VAR</p> <p>Bør Sjøfartsdirektoratet inviterast inn som observatørar i VAR på lik linje med Miljødirektoratet og Riksantikvaren?</p>	<p>Samrøystes semje: Leiarskap og sekretariat får mandat til å endre vedtektene og sende ein formell invitasjon til Sjøfartsdirektoratet om å verte observatør i Verdsarvrådet.</p>
VF12/18	<p>KULTURVERNFORVALTAR I VERDSARVOMRÅDET</p>	<p>Presentasjon v/sekretariat (og ev. M&R fylkeskommune)</p> <p>Samrøystes semje: Leiarskap og sekretariat sender ein felles søknad til Riksantikvaren om finansiering av 2 stillingar til Vestnorsk fjordlandskap i arbeid for bevaring og restaurering av viktige kulturminner i verdsarvområdet. Stillingane vil ha ein svært viktig funksjon også som rådgjevar for grunneigarar og fylkeskonservator i viktige saker for kulturminneforvaltninga i</p>

		verdsarvområdet.
VF 13/18	ORIENTERINGAR	<ul style="list-style-type: none">- Frå verneområdeforvaltninga og SNO, presentasjon følgjer vedlagt.- Rullering av restaureringsplanen for Nærøyfjorden, v/Arlen Synnøve Bidne, følgjer vedlagt.

For Verdsarvrådet, 7. – 8. juni 2018, K. Blomvik.